



Lundal Johs & Sønner AS
Øyravegen 19 (JE)
5596 Markhus

Sakshandsamar::
Einar Nesse Johnsen

Rapport frå tilsyn ved Johs Lundal & Sønner AS

Kontrollnummer: 2020.064.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Vidar Berge

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Einar Nesse Johnsen og Grete Hamre

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Johs Lundal & Sønner den 25.09.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 2 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

1. Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull
2. Verksemda driv ikkje i samsvar med utsleppsløyvet

Avvik er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Einar Nesse Johnsen
kontrollør

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Kopi til: Etne kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Lundal Johs & Sønner AS	
Organisasjonsnr.: 971731311	Eigd av: 914022029
Bransjenr. (NACE-kode): 10.130 - Produksjon av kjøtt- og fjørfevarer	

Kontrollert eining

Namn: Johs Lundal & Sønner	Anleggsnr.: 4611.0006.01
Kommune: Etne	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Næringsmiddelindustri, unntatt fiskeforedling	
Løyve gitt: 4. oktober 2010	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Johs Lundal & Sønner pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 6. desember 2020 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Einar Nesse Johnsen.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25. august 2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Johs Lundal & Sønner betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland og på www.norskeutslipp.no (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 4 og 6
Utsleppsløvet punkt 9.1 – Miljørisikoanalyse

Kommentarar:

a) Verksemda manglar konkrete mål for ytre miljø

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 4 set krav om at verksemda skal «fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet», og at dokumentasjonen for dette skal ha nødvendig omfang og vere skriftleg. For å bidra til kontinuerleg betring av drifta, bør miljømåla setjast slik at dei gjev noko å strekke seg etter. Miljømåla må vere kjende for dei tilsette, slik at dei kan bidra til å nå måla gjennom drifta av anlegga.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Under intervjuet vart det sett nærare på verksemda sin interkontrolldokumentasjon. Verksemda kunne ikkje vise til spesifikke mål for ytre miljø. Det vart nemnd fleire konkrete eksempel der tiltak som i praksis er miljømål er gjennomførte, men dei er ikkje dokumenterte som slike mål. Døme på dette er reduksjon av plastemballasje, effektivisering av straumforbruk og nyttiggjering av organisk produksjonsavfall.

b) Risikovurderinga er mangelfull

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 6 set krav om at verksemda skal kartleggje farar og problem og vurdere risikoen på grunnlag av dette. Det skal utarbeidast ein handlingsplanplan som syner ei oversikt over kva tiltak som trengst for å redusere risikotilhøva. Verksemda skal ha god oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Kriterium på kva verksemda definerer som akseptabel risiko skal vere dokumentert. Risikotilhøve som kan reduserast skal følgjast opp med betringstiltak. Korleis og når verksemda kartlegg risiko, og korleis verksemda vurderer kvart risikotilhøve, skal kunne dokumenterast.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda har utført ei enkel kartlegging av utslepp til ytre miljø. Kjeldene til forureining som er kartlagd er utslepp frå røyking, utslepp av feitt og vaskestoff til vatn og handtering av ulike typar avfall. Det er ikkje vurdert sannsyn eller konsekvens for utslepp til ytre miljø basert på informasjonen frå kartlegginga. Slik kartlegginga går fram i dag fangar den ikkje opp risikonivået for kvar av utsleppskjeldene.

Verksemda må dokumentere skilnadene i sannsyn og konsekvens for dei forskjellige kjeldene til utslepp på ein betre måte. Kjelder med høg risiko for forureining skal avvikshandterast og det skal gjennomførast førebyggjande tiltak for å redusere risikoen.

Avvik 2

Verksemda driv ikkje i samsvar med utsleppsløyvet

Avvik frå:

Utsleppsløyvet punkt 10 – Utsleppskontroll

Kommentarar:

Utsleppsløyvet set krav til at verksemda skal ta prøver av prosessavløpsvatnet for innhald av feitt. Prøvetakinga skal gjennomførast fire gonger i året, og prøva skal takast etter reinsing

(feittavskiljaren). Det er også sett krav til at konsentrasjonen av feitt i prosessavløpsvatnet ikkje skal overstige 150 mg/l.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Under tilsynet kunne ikkje verksemda vise til at det er teke feittmålingar av prosessavløpsvatnet. Prøvetakingspunktet for prosessavløpsvatnet må plasserast etter feittavskiljaren.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

- Verksemda har i dag 8 tilsette
- Kjøttforedlingsverksemd tufta på gamle tradisjonar
- Produserer heile året
- Det blir produsert ca. 250 tonn ferdig produkt årleg
- Årleg straumforbruk er ca. 450.000 kWh
- Normalt dagsforbruk av vatn er ca. 10 m³
- Årleg forbruk av kjemikal knytt til reingjering og desinfeksjon er ca. 300 liter
- Mengd produsert organisk avfall levert til Norsk Protein 5850 kg (ref. år 2019)
- Verksemda har levert farleg, men det kjem ikkje klart fram på deklarerer.no sidan delar av registreringa er gjort privat.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen
- Rapport frå tilsyn utført i 2010

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Utsleppsløyve